



Tingvoll, 16.6.2020

Hustadvika kommune

## **ØNSKJE OM KONTAKT MED GRUNNEIGARAR**

Naturvernforbundet har i vår gjort undersøkingar med omsyn til spreing av lutzgran i fjellområdet ved Stemshesten, Sjurvarden og Skottenvarden. Vedlagt følger ein rapport om det vi fann.

Vi gjekk berre ein tur og registrerte det som var nær ved der vi gjekk. Det er grunn til å tru at det vi såg har blitt det vanlege over store fjellområde. Det er følgeleg ei sak som gjeld mange fleire enn dei som er grunneigarar i det området vi var.

I utgangspunktet er det dei som har eldre tre med kongler som har ansvar for å fjerne rømlingar som hamnar utanom der det er planta. Det er mange som har slike plantingar, så vi ser for oss at det blir vanskeleg å seie kven som er opphavet til spreinga. Det er vel langt på veg opplagd at dei må ta ansvar i lag.

Den som eig grunnen der rømlingen er no er også part i saka. Viss vedkomande ikkje tilbyd seg å fjerne rømlingane, må han venteleg gje løyve, anten til dei som har skog og kan ha sendt i veg frø, eller andre som kan tenkje seg å ville fjerne rømlingar.

Vi bed difor kommunen om hjelp til å kontakte grunneigarlag eller liknande, med tanke på å klargjere om dei tar ansvar for å fjerne rømlingane, eller i alle fall gjev løyve så andre kan gjere det.

For at det ikkje skal bli for mykje å ta hand om no, så tar vi gjerne utgangspunkt i det området som rapporten handlar om.

Med helsing

Øystein Folden  
Leiar